



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 2. februar 2017

NVE

FRÅSEGN – SETERKRAFT- SUNNDAL KOMMUNE

Viser til dykkar ref. 201606837-2

Naturvernforbundet ber om at søknaden om redusert restvassføring blir avslått.

Dette vassdraget ligg i eit område der svært mange elver er utbygd til vasskraftverk. Jo større del av vassdraga som har fått endra vassføring, jo viktigare er det at det er ei viss restvassføring og ein viss dynamikk også i dei elvene som ikkje har naturleg vassføring lenger.

Det blir gjort eit poeng av at vassdraget som fekk konsesjon og blei bygd ut først i dette vassdraget har krav om lågare restvassføring enn det som blei bygd ut sist. Det kan sjølvsagt sjå rart ut, men det speglar også at ein i løpet av åra som gjekk i mellom har lært noko om at større restvassføring var nødvendig, i tillegg til momentet over.

Låg restvassføring på ei lang strekning vil dessutan vere eit alvorlegare inngrep enn same vassføringa på ei kortare strekning. Såleis vil det vere rett å auke restvassføringa når det er tale om å auke strekninga som blir utbygd.

Etter at Seterkraft fekk konsesjon til sitt øvre kraftverk, har vi vel kome til at restvassføringa med fordel kunne ha vore endå større også for det øvre kraftverket.

Elles kjem det fram i saka at den nedre delen av vassdraget har område der det hadde vore verdifullt om det var høgare restvassføring. Forskjellshandsaminga av dei to kraftverksakene som søkjar peikar på kan med fordel rettast opp ved at søkjar blir tilbydd endring til høgare restvassføring for kraftverket i nedre del av vassdraget, slik at det blir likt. Eventuelle feilvurderingar som har gitt for låg vassføring i nedre del kan ikkje rettast opp ved at det blir gjort same feil i øvre del av

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

vassdraget.

Eigentleg kunne Naturvernforbundet tenkt seg å søkje om auka restvassføring på nedre del av dette vassdraget, viss det var mogleg.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal